

**Fjellgruppe sit fast i Ulvanoso**

25.08.2012

**Morten Nilsen si fjellgruppe sit fast i Ulvanoso. Redningssentralen på Sola er kontakta, og det vert vurdert tiltak alt i kveld. Dette gjeld ei gruppe på 6 personar som i dag har teke seg opp frå Musland, inn Geitadalen, over Akslo mot toppen Høgeteen.**

Regn, skodde og myrke gjer det vanskeleg å ta seg ned.

Morten Nilsen fortel til uskedalen.no at alle i gruppa har det godt. Dei har med ein fjellduk. Det er uvisst om gruppa kan overnatta i ei høgde på 1200 meter.

Vi kjem attende med informasjon straks det føreligg meir informasjon.

Tekst: Kristian Olav Bringedal